

Supplerende kartlegging av verneverdier i et skogområde ved Åkre-Vikane i Ullensvang herad, Hordaland

Torbjørn Høitomt



BioFokus-notat 2017-21

BIO
FOKUS

Ekstrakt

BioFokus har på oppdrag fra Fylkesmannen i Hordaland utført en supplerende kartlegging av arts mangfold og naturtyper i et frivillig vern område ved Åkre-Vikane i Ullensvang herad i Hordaland. Etter kartleggingen i 2016, er det nå påvist i alt 10 rødlistede arter og kartlagt tre prioriterte naturtyper innenfor tilbudsområdet.

Nøkkelord

Åkre
Vikane
Ullensvang
Frivillig vern
Naturtyper
Kulturlandskap
Rødlistearter
Skog

Omslag

Gamle edelløvtrær ved Vikane
Foto: Torbjørn Høitomt

ISSN: 1893-2851

ISBN: 978-82-8209-589-1

BioFokus-notat 2017-21

Tittel

Supplerende kartlegging av verneverdier i et skogområde ved Åkre-Vikane i Ullensvang herad, Hordaland

Forfatter

Torbjørn Høitomt

Dato

22. mai 2017

Antall sider

5 sider

Refereres som

Høitomt, T. 2017. Supplerende kartlegging av verneverdier i et skogområde ved Åkre-Vikane i Ullensvang herad, Hordaland. BioFokus-notat 2017-21. Stiftelsen BioFokus. Oslo

Publiseringstype

Digitalt dokument (Pdf). Som digitalt dokument inneholder dette notatet "levende" linker.

Oppdragsgivere

Fylkesmannen i Hordaland

Tilgjengelighet

Dokumentet er offentlig tilgjengelig.
Andre BioFokus rapporter og notater kan lastes ned fra:
<http://lager.biofokus.no/web/Litteratur.htm>

BioFokus: Gaustadallèen 21, 0349 OSLO
E-post: post@biofokus.no Web: www.biofokus.no

Bakgrunn

Miljødirektoratet ønsket en oppdatering og supplering av informasjon om naturtyper og arts mangfold i et skogareal som er tilbudt til frivillig vern ved Åkre-Vikane i Ullensvang. Dag Holtan har registrert én stor naturtypelokalitet i området tidligere, BN00079920 – Vikaneset-Åkre med verdi A (svært viktig). Rådgivende biologer v/ Linn Eilertsen har i tillegg registrert en bekekløftlokalitet i Åkreelvi (ligger ikke i Naturbase per. februar 2017 og overlapper med Holtan sin lokalitet). Disse lokalitetene dekker en stor del av det tilbudte skogarealet.

Feltarbeid

Det tilbudte arealet ble undersøkt av BioFokus v/Torbjørn Høitomt i løpet av tre nokså korte dager i perioden 30. august – 2. september 2016. Hele området er ikke godt undersøkt, men det ble gått tre runder fra fjorden og opp til mellom 400-600 meter over havet. Oppdraget innebar en kartlegging med nokså sterkt artsfokus og det ble brukt en del tid på dette.

Resultater

Det er påvist noen rødlistearter i området, men et dårlig soppår begrenset trolig utbyttet noe. Totalt er nå 10 rødlistede arter kjent fra det tilbudte området (tabell 1). Alle funnene fra 2016 og de fleste funn gjort tidligere er tilgjengelige i Artskart.

De er nå kartlagt tre naturtypelokaliteter innenfor tilbudsområdet (tabell 2). Det ene er en oppdatering av Dag Holtan sin kartlagte lokalitet fra 2010, mens lokalitet nummer to er ny av året. Lokalitet nummer tre er en uendret videreføring av Linn Eilertsen sin lokalitet fra 2014. Denne overlapper med lokalitet 1 og er ikke vist på kart i dette notatet. Hovedårsaken til at lokaliteten er utelatt her er at lokalitet 1 samlet sett har høyere verdi enn Eilertsen sin lokalitet. Det fremstår som kunstig at trekke verdien til et areal midt inne i en større lokalitet ned. Eilertsen sin lokalitet er heller ikke publisert i naturbase. Det er ikke funnet og avgrenset rødlistede naturtyper i området, selv om deler av naturtypelokalitet 1 – Vikaneset N trolig har spredte innslag av lågurt-lyngfuruskog (NT).

Tabell 1: Rødlistearter som er påvist innenfor det tilbudte frivillig vern området ved Åkre-Vikane.

Artsgruppe	Norsk navn	Vitenskapelig navn	Rødliste-kategori
Karplanter	Alm	<i>Ulmus glabra</i>	VU
Karplanter	Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	VU
Lav	Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	NT


Moser	Kystfloke	<i>Heterocladium wulfsbergii</i>	NT
Moser	Stammesigd	<i>Dicranum viride</i>	NT
Sopp	Hornskinn	<i>Crustoderma corneum</i>	NT
Sopp	Kopperrød slørsopp	<i>Cortinarius cupresorufus</i>	NT
Sopp	Oksetungesopp	<i>Fistulina hepatica</i>	NT
Sopp	Oransjemusserong	<i>Tricholoma aurantium</i>	NT
Sopp	Tyrivoksskinn	<i>Phlebia serialis</i>	VU

Tabell 2: Naturtypelokaliteter som er kartlagt innenfor det tilbudte frivillig vern området ved Åkre-Vikane.

Nr	Navn	Naturtype	Utforming	Verdi
1	Vikaneset N	Rik blandingsskog i lavlandet	Boreonemoral blandingsskog	A-verdi
2	Veheimsgili	Bekkekløft og bergvegg	Bekkekløft	B-verdi
3	Åkreelvi	Bekkekløft og bergvegg	Bekkekløft	B-verdi

Totalvurdering

Området som helhet vurderes å være såpass spesielt i nasjonal sammenheng at det innehar regional til nasjonal verdi (**/***) .



Figur 1: Kartet viser undersøkelsesområdet ved Åkre- Vikane (gul linje). Grensene for foreslått forvaltningsområde følger stort sett samme grense med unntak av et granfelt i sørøst (se avvik med tykk rød strek). I tillegg er to naturtypelokaliteter avmerket med hhv. mørk rød strek (A-verdi) og grønn strek (B-verdi).

Naturtypebeskrivelser

1. Vikaneset N

Innledning: Lokaliteten blei undersøkt dei to dagane 31.8 og 2.9 2016 av Torbjørn Høitomt (BioFokus) i samband med kartlegginga av potensielle verneområde i ordninga frivillig vern. Lokaliteten er tidlegare kartlagt av Dag Holtan i 2010 (BN00079920 – Vikaneset-Åkre). Skildring og avgrensing er oppdatert, men relevant informasjon frå naturbase er ført vidare. Val av naturtypar og vegetasjonstypar følger DN-handbok 13 (Direktoratet for Naturforvaltning 2006) og NiN-systemet (Halvorsen et al. 2015). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2015 (Henriksen & Hilmo 2015), mens kartlegging av raudlista naturtypar er gjort etter Norsk raudliste for naturtypar (Lindgaard & Henriksen 2011).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Hardangerfjorden, om lag 10 km sørvest for Hardangerbrua. Avgrensinga gjeld eit større skogområde mellom grendene Vikane og Åkre. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Berggrunnen er ei blanding av næringsfattig granitt og noko rikare meta-andesitt og metadacitt

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Her er både gammal furuskog (F0802) og ulike utformingar av rik edellauvskog (F01), gammal fattig edellauvskog (F0201 eikeskog), alt godt blanda, slik at ein har valt å føre området til rik blandingsskog i låglandet, utforminga boreonemoral blandingsskog (F1301). Mykje av arealet er tørkeutsett og nokså rik lågurtskog, med innslag av høgstaudar og store bregnar i tilknytning til bekkar eller sig. Her er likevel innslag av både blåbærskog og røsslyngskog. Av treslag er her funne alm (raudlista NT), ask (NT), barlind (VU, austgrense i fjorden), bjørk, gran (sjeldan), gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, krossved, lind, osp, rogn, rognasal, selje og svartor. Liggande, død ved er vanleg, med meir spreidde førekomstar av gadd, høgstubbar og læger. Rett ovanfor Vikaneset er det dessutan noko gammal og hol eik. Det er mogleg at noka av furuskogen i området kan kvalifisere til den raudlista naturtypa lågurt-lyngfuruskog (NT), men truleg er vegetasjonen for det meste noko fattig.

Bruk, tilstand og påvirkning: Her er naturleg nok spor etter gammal plukkhogst i store delar av lokaliteten. Areal med furuskog vert prega av gamal storvaksen skog, men det finst ikkje særleg mykje død ved. Nokre grove læger finst spreidd. Fleire stader finst førekomstar av styvde lauvtre, mest av lind. Store delar av lokaliteten er tydeleg påverka av beite, med myke gras i feltsjiktet.

Artsmangfold: Av karplanter vart det funne breiflangre, lækjeveronika, markjordbær, myske, skogburkne, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot. Lungeneversamfunnet er stadvis artsrikt og godt utvikla, med artar som buktporelav, grynfiltlav, lungenever, rund porelav, skrubbenever, sølvnever og vanleg blåfiltlav. Soppseongane 2010 og 2016 var begge uvanleg dårlege grunna langvarig tørke. Likevel vart i 2010 kopparraud slørsopp (NT) funnen som ny for Hordaland, medan funna av korallsoppar enda ikkje er førde til art (Tor Erik Brandrud pers. medd.). Dei store korallsoppene er alltid gode signalartar for lang skogleg kontinuitet. Geir Flatabø har tidlegare funne oksetungesopp (NT) og oransjemusserong (NT). Potensielt bør her finnast mange andre raudlista artar i dette elementet, då dei røynslemessig ofte har ei opphopping i tørre, solutsette lier med gammal skog. På død ved av furu vart tyrivoksskinn (VU) og hornskinn (NT) funne. Av mosar vart kystfloke (NT) og stammesigd (NT) funne i lokaliteten. Om ein inkluderer dei tre raudlista treslaga barlind (VU), ask (VU)

og alm (VU) er i alt funne 10 raudlisteartar innanfor lokaliteten. Området er samstundes levestad for hakkespettar, og både gråspett og kvitryggspett vart observerte.

Fremmede arter: Einskilde grantre spreier seg inn i området frå nærliggande plantasjar.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort, samanhengande område med nokså gammal og lite påverka naturskog som strekker seg frå området ved Tjoflot i vest til grensa mot Ullensvang i aust (Djupavika).

Verdivurdering: Lokaliteten er stor, variert og inneheld store areal med blanda, eldre skog av ulike treslag. Det er funne fleire sjeldsynte og truga artar i området som er vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

2. Veheimsgili

Innledning: Lokaliteten blei undersøkt den 30.08.2016 av Torbjørn Høitomt (BioFokus) i samband med kartlegginga av potensielle verneområde i ordninga frivillig vern. Val av naturtypar og vegetasjonstypar følger DN-handbok 13 (Direktoratet for Naturforvaltning 2006) og NiN-systemet (Halvorsen et al. 2015). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2015 (Henriksen & Hilmo 2015), mens kartlegging av raudlista naturtypar er gjort etter Norsk raudliste for naturtypar (Lindgaard & Henriksen 2011).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Hardangerfjorden, om lag 10 km sørvest for Hardangerbrua. Avgrensinga gjeld bekkekløfta i Veheimsgili ved grenda Åkre. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Berggrunnen er noko rikare med meta-andesitt og metadacitt.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensninga gjeld naturtypa bekkekløft og bergvegg med utforminga bekkekløft. Lokaliteten omfattar delar av ei nokså markert bekkekløft som strekkjer seg frå fjorden og opp til 400 meter over havet. Vegetasjonen er rik og tresjiktet er dominert av artar som ask, alm, lind, hassel og gråor. Feltvegetasjonen er rik og dominert av høgstaudemark i store deler av lokaliteten. Av karplanter vart det mellom anna funne trollurt, hengjeveng, fugletelg, gauksyre, vendelrot, gullris, kratthumleblom, stankstorkenebb, springfrø, skogsvingel, hundekveke, mjødurt, haremat, lækjeveronika, markjordbær, myske, skogburkne, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom og skogsvinerot.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det finst ein del gamle tre i lokaliteten, dels i form av tidlegare styva edellauvtre. Ein del daud ved finst i dei brattaste delane av lokaliteten. Det vart ikkje sett nye hogstspor i lokaliteten, men det er heilt sikkert drive hogst i området i tidlegare tider. Store deler av området er òg påverka av beite.

Artsmangfold: Lungeneversamfunnet er stadvis artsrikt og godt utvikla, med artar som buktporelav, grynfiltilav, lungenever, rund porelav, skrubbenever, sølvnever og vanleg blåfiltilav. Den raudlista skorpefiltilav vart òg påvist. Lokaliteten er stor og uoversiktleg og det

er eit nokså stort potensiale for å finne fleire sjeldsynte og trua arter. Truleg er potensialet størst knytt til mosar og jordbuande sopp.

Fremmede arter: Einskilde grantre spreier seg inn i området frå nærliggande plantasjar.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort, samanhengande område med nokså gammal og lite påverka naturskog som strekker seg frå området ved Tjoflot i vest til grensa mot Ullensvang i aust (Djupavika).

Verdivurdering: Lokaliteten er stor, variert og inneheld store areal med fuktig bekkekløftmiljø. Det er førebels ikkje funne særleg mange truga artar, men potensialet for slike vert vurdert som stort. Lokaliteten blir vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.



BioFokus er en ideell stiftelse som skal tilrettelegge informasjon om biologisk mangfold for beslutningstakere, samt formidle kunnskap innen fagfeltet bevaringsbiologi. BioFokus ønsker å bidra til en kunnskapsbasert forvaltning av norsk natur.

En kunnskapsbasert forvaltning forutsetter god dokumentasjon av de arealene som skal forvaltes. BioFokus legger derfor stor vekt på feltarbeid for å sikre oppdaterte og relevante data om botanikk, zoologi, økologi, samt avgrensning og verdisetting av områder.

Høy kompetanse er en forutsetning for å kunne registrere og presentere biologisk mangfold-data på en god måte. BioFokus sine medarbeidere er derfor godt skolert innenfor en rekke artsgrupper og har en bred økologisk forståelse for de ulike naturtypene som de arbeider med, det være seg skog, kulturlandskap eller ferskvann. Digitale verktøy som databaser, GIS og bilde-behandling er viktige redskaper i vårt arbeid for å anskueliggjøre naturverdier på en best mulig måte.

Stiftelsen utgir to digitale rapportserier som heter BioFokus-rapport og BioFokus notat,
<http://www.biofokus.no/Publikasjoner/publikasjoner.htm>